



Norges Vassdrag- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	25/23835 -	Synnøve Valle - 712 80 239	13.01.2026
	01.10.2025	25/158725		

Høyringsvar - Sunndal kommune - søknad om konsesjon og ekspropriasjon - opprusting og utviding av Aura kraftverk

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer, styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Innleiing

Fylkeskommunen er invitert til å uttale seg om oppgraderinga av Aura kraftverk i Sunndal. Produksjonen i dagens Aura kraftverk og Osbu kraftverk skal leggst ned, og det vert samtidig søkt om å rive Osbu kraftverk. Statkraft søker også om løyve etter energilova om å bygge, eige og drive Aura II kraftverk og Holbu pumpe, med tilhøyrande nettilknytning og elektriske anlegg. Dei søker samtidig om å legge ned elektrisk anlegg som inngår i anleggskonsesjon for dagens Aura kraftverk og Osbu kraftverk.

NVE ønsker konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, evt. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Dei ønsker også grunngitte forslag til avbøtande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber dei om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknader av tiltaket.

MERKNADER TIL KONSEJONSSØKNADEN

Vassforvaltning

Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2022 - 2027 vart godkjent i fylkestinget 7.12.2021 og av KLD 31.10.2022. Regional vassforvaltningsplan set miljømål i vassførekomstar i kyst, vatn og vassdrag og hovudmålet er god økologisk og kjemisk tilstand i løpet av planperioden. Miljømåla dannar grunnlaget for korleis ein skal sikre vassressursane våre mot øydelegging. Det er viktig at det blir tatt omsyn til vassmiljø og at det ikkje vert lagt planar som kjem i konflikt med miljømål fastsett i regional vassforvaltningsplan. Planen ligg på fylkeskommunen si nettside. Ein skal som hovudregel ikkje gi løyve til nye inngrep eller ny aktivitet som medfører at miljømål ikkje blir nådd, eller at tilstanden blir dårlegare. Tiltak som kjem i konflikt med miljømål, må behandlast etter vassforskrifta § 12.

Unik villaksstamme i Aura/Eira

Aura/Eira har historisk vore eitt av Noregs mest kjende laksevassdrag, med den storvaksne Eira-laksen som hadde internasjonal status. Denne stammen er no sterkt truga, med svært dårleg tilstand etter kvalitetsnorm for villaks. Over 70 % av fangsten er kultivert fisk, og den genetiske integriteten er svært dårleg. Konsekvensutgreiinga omtalar Aura som sterkt modifisert vassførekomst, men legg ikkje tilstrekkeleg vekt på potensialet for reetablering av naturleg reproduksjon gjennom minstevassføring og miljødesign-tiltak. Dette er ikkje reflektert i utgreiinga. Tiltaket, slik det er planlagt, med ytterlegare reduksjon av overløp og uttak frå sidebekker, vil forverre situasjonen for laks og sjøaure. Utgreiinga tek utgangspunkt i dagens situasjon, men kraftutbygginga har hatt store negative konsekvensar for den unike villaksstammen og sjøauren i Aura/Eira. Eit mål er nettopp å redusere negative miljøpåverknader når ein kan. Ei ny utbygging bør bruke moglegheita til å sørge for ei moderne og berekraftig utbygging som tek i bruk oppdaterte løysingar for å ivareta dei spesielle og store miljøverdiane i området. Slik prosjektet framstår no, er det ei vidareføring av utbygginga frå 50-tallet, der lite miljøomsyn vart tatt.

Miljømål, samla belastning og minstevassføring

Regional vassforvaltningsplan har fastsett miljømål om godt økologisk potensial (GØP) for regulerte vassdrag, og Aura/Eira er eitt av dei høgast prioriterte vassdraga i regionen med bakgrunn i den unike laksestammen. Minstevassføring som tiltak var prioritert i planperioden 2016-2021. I Kongelig resolusjon 18/2186, datert 23.6.2021 blei nye vilkår vedtatt utan minstevassføring. Ved behandling av Regional vassforvaltningsplan 2022-2027 vedtok fylkestinget å vere usamd i at det ikkje skulle vere minstevassføring i Aura/Eira. KLD godkjente planen for 2022-2027 utan tiltak om minstevassføring i Aura/Eira.

Utgreiingsprogrammet og konsekvensutgreiinga omtalar ikkje minstevassføring som aktuelt tiltak, og det er heller ikkje gjort vurderingar av korleis miljømåla skal nåast. Planlagde endringar i manøvrering og ytterlegare uttak av vatn vil redusere restvassføringa i Aura og sidevassdrag. Miljømål i vassførekomstane Aura, nedre del (104-126-R); Aura, midtre del (104-125-R) og Aura

øvre del (104-85-R) er i dag godt økologisk potensial (GØP). Aurareguleringa har allereie ført mesteparten av vatnet vekk frå Auravassdraget. Tiltaket her vil bety eit langt meir effektivt uttak av vatn frå Aursjømagasinet, og enda mindre vatn enn i dag, vil gå i overløp til Aura elv. I tillegg til plan for utbygging av nytt Aura kraftverk, er det også planlagde tiltak langs bekkeintaka i "takrenne-systemet", som vil medføre ytterlegare reduksjon i vassføringa til Auravassdraget. Overløp frå bekkeinntaka utgjer per i dag ein stor del av restvassføringa i Aura gjennom året. Ytterlegare redusert vassføring frå sidevassdraga, vil kunne ha dramatisk negative effektar på vassdragsmiljøet i Aura/Eira. Samla konsekvensar som følge av tidlegare og nye utbyggingar må synleggjerast i utredninga, noko det ikkje gjer i dag, der tiltak i sidebekkane ikkje er nemnt. Grunna den dramatisk låge vassføringa i Aura er det allereie i tvil om det er mogleg å oppnå GØP her og miljømål her må revurderast i ny vassforvaltningsplan uavhengig av dette prosjektet.

Utbygginga vil etter vår vurdering føre til at GØP ikkje vil kunne oppfyllest og tiltak må vurderast etter § 12 med mindre minstevassføring som avbøtande tiltak gjennomførast. Konsekvensane tiltaket har for anadrom fisk er derfor større enn det som kjem fram av utgreiinga og må rettast.

Planlagde inngrep i sidevassdrag – «takrenneprosjektet»

I tillegg til plan for utbygging av nytt Aura kraftverk, er det også planlagde tiltak langs bekkeintaka i "takrenne-systemet", som vil medføre ytterlegare reduksjon i vassføringa til Auravassdraget. Det er planlagt større uttak frå sidebekker som i dag gir restavrenning til Aura, mellom anna Breimega. Dette er ikkje omtalt i utgreiinga. Overløp frå bekkeinntaka utgjer ein stor del av restvassføringa i Aura gjennom året. Ytterlegare reduksjon vil ha dramatiske negative effektar på vassdragsmiljøet og potensialet for anadrom fisk. Dette må utgreiast særskilt og inngå i samla konsekvensvurdering saman med aktuelle avbøtande tiltak.

Avbøtande tiltak

Utgreiinga vurderar ikkje avbøtande tiltak som minstevassføring. Vi vurderer det som ein sentral del av konsesjonsvurderinga at det etablerast minstevassføring i Aura/Eira. Usikkerheit kring effekten av minstevassføring var i resolusjonsvedtaket og i NVE si innstilling knytt til at minstevassføring ikkje hindrar at vassdragets øvre del frys til om vinteren, samt at det var risiko for at vassføringa ville forsvinne i elvebotnen langs i strekning på 700 m, der ein gikk ut frå at elvebotnen er permeabel. NINA sin kommentar til rapport om islegging i Skjomenvassdraget (NINA ref 137/2020-476.21) viser at konklusjonen om at minstevassføring frys, er feil. Notatet viser også direkte til vurderingane gjort i tilknytning til Aurarevisjonen. Når det gjeld strekninga med delvis permeabel elvebotn, er det dokumentert at 70 – 80 prosent av smoltproduksjonen vil skje nedstrøms dette strekket. I tillegg har det kome fram at elva sin karakter i området, er eit resultat av inngrep og kanalisering. Samling av vassstrengen gjennom elv i elv-løysing på strekninga, er vurdert som eit fullt gjennomførbart og potensielt effektivt tiltak (jf. NINA rapport 1324). Minstevassføring vil derfor ha effekt på ein svært viktig laksestamme. Minstevassføring saman med miljøforbetrande tiltak og miljødesign er den einaste langsiktige, berekraftige

løysninga for den unike Eira-laksen. Denne kunnskapen må leggjast til grunn i utgreiinga for et nytt Aura kraftverk og minstevassføring må vurderast som et realistisk tiltak. Løysingar for minstevassføring i kombinasjon med miljødesign som kan føre til lågt krafttap som til dømes vasslepp frå sidevassdrag(takrenna) er alternativ som bør inngå i utgreiinga.

I ei slik utgreiing bør plassering av eit mindre kraftverk i Eikesdalen inngå som ein del av vurderinga. Dette vil kunne avbøte krafttapet samtidig som utbygginga blir berekraftig.

Vurdering av § 12 og alternativ plassering

Viss utbygginga vert gjennomført utan minstevassføring og GØP ikkje kan oppfyllast, må tiltaket vurderast etter § 12. Eitt av vilkåra i § 12 C er at hensikten til det nye tiltaket ikkje med rimelegheit vert oppnådd med andre midlar som miljømessig er vesentleg betre. Vurdering av alternativ plassering vil gå under § 12 C. Statskraft opplyste i møte den 28.11.2025 at det er gjort vurderingar av plassering av nytt kraftverk i Eikesdalen, men det er vurdert at dette ikkje var den beste løysninga av omsyn til miljø. Desse vurderingane må vere ein synleg del av utreiingane. Vi meiner det må utgreiast alternativ som kombinerer opprusting med reetablering av Aura som laksevassdrag, til dømes ved å leggje nytt kraftverk høgare i Eikesdalen med utløp i Aura. Dei store miljøverdiane og den unike laksestammen må tilleggjast avgjerande vekt i val av løysing.

Utløp i sjø:

Det er vurdert økologisk påverknad ved utslepp i sjø. Her vil det vere naudsynt å sjå heilskapleg på påverknaden utslepp av vatn vil ha i samheng med opprustingsplanar i Drivakonsesjonen. Utfordringar knytt til miljøgifter i Sunndalsfjorden og Tingvollfjorden bør også inngå i utgreiinga.

Oppsummering vassforvaltning

- Innspel i vår uttale av 24.5.2024 er i liten grad tatt inn.
- Tiltakets påverknad på vassmiljø er større enn det som kjem fram frå utgreiingane.
- Planlagde tiltak langs bekkeinntaka i "takrenne-systemet", som vil medføre ytterlegare reduksjon i vassføringa til Auravassdraget er ikkje ein del av utgreiinga og må inn.
- Miljømål om GØP i vassførekomstane i Aura vil ikkje oppfyllast som følgje av tiltaket, dette må inn i utgreiinga.
- Minstevassføring som tiltak vil ha effekt og må vere eit avbøtande tiltak som følgje av utbygginga. Dette må inngå som ein del av utgreiingane. Her bør mindre kraftverk i Eikesdalen også inngå i vurderingsgrunnlaget.
- Vurdering av alternativ plassering av kraftverk i Eikesdalen må vere ein del av utgreiinga.

Samferdsel

Løyve etter veglova

Løyve etter veglova er nødvendig både for kryssing av offentleg veg og for auka bruk av eksisterande avkjørslar. Det same gjeld ved etablering av midlertidige avkjørslar. Dersom

tiltaket berører byggegrensa, må det i tillegg søkast om dispensasjon frå byggegrensa langs fylkesveg.

Rammeplan for avkjørslar og differensierte byggegrenser langs fylkesveg vil vere rettleiande for haldningane Møre og Romsdal fylkeskommune vil praktisere ved behandling av både avkjørselssaker og byggegrensesaker.

Utløp for vassleidning

Den nye vassleidning skal krysse fv. 62/Hammartunellen. Under orienteringsmøtet med fylkeskommunen 28. november 2025 blei det opplyst at sprenging vil bli nytta framfor boring. Avstand mellom tunnelsåle og holl som skal sprengast må avklarast i ein gjennomføringsavtale med Møre og Romsdal fylkeskommune.


Transport av massar

Det må vurderast om eksisterande vegnett toler belastninga av planlagt massetransport, eller om det vert kravd midlertidige utbetringar eller tilsegn og dispensasjon frå veglistene. Eventuelle inngrep i fylkesvegnettet må avklarast med Møre og Romsdal fylkeskommune.

Automatisk freda kulturminne

Møre og Romsdal fylkeskommune har i 2025 gjennomført arkeologisk registrering av urørte areal som vil bli berørt av planene for opprusting og utviding av Aura kraftverk. Registreringsrapporten er ikkje ferdigstilt enno. Vi har ikkje hatt tilgang til å undersøke under regulert vasstand ved Holbuvatnet. § 9 i kulturminnelova (undersøkingsplikta) er derfor ikkje blitt oppfylt i blant anna området der ein ønsker å fylle ut ei vik/bukt i Holbuvatnet. Området rundt Holbuvatnet har potensiale for funn av steinalderbuplassar og fangstminne knytt til jakt- og fangst på villrein. For at fylkeskommunen skal få registrert her, må vi bli varsla i god tid av Statkraft, i samband med planlegginga av nedtapping til opphavleg vasstand.

Det vart gjort funn av eit automatisk freda kulturminne i Øksendalen i tilknytning til eksisterande veg opp til Gaudalen, men her har Statkraft tidlegare gitt tilbakemelding om at planane vil bli justerte slik at området med funn (ID 336785-0 Dyrkingsspor), ikkje vil bli råka av planane. Dette ser ikkje ut til vere endra i plankartet som ligg ved høyringa. Dersom det er ein feil, så ber vi om at dette blir retta opp. Tiltak som kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne krev dispensasjon frå kulturminnelova.



Kulturlandskap og kulturminne frå nyare tid

Vi viser til Fagrapport kulturmiljø utarbeidd av Sweco. Vi meiner at rapporten er grundig og at den gir grunnlag for avgjersle. Fagrapporten gir ei god beskriving av dei ni kulturmiljøa og vurderer alle til å ha stor verdi. Vi er einige i denne vurderinga.

Fagrapporten kulturmiljø konkluderer med at tiltaket vil ha samla stor negativ konsekvens for kulturmiljø. På bakgrunn at alle dei ni kulturmiljøa har stor verdi, og fleire har formelt vern og (planlagt) omsynssone i kommande kommuneplanens arealdel, bør fleire at tiltaka endrast og justerast for at ikkje kulturmiljøverdiane går tapt.

Fylkeskommunen stiller seg bak dei skadeforbyggjande tiltaka som er beskrive i kapitel 7, og rår stekt til at også tiltaka i kap. 7.2 blir arbeidd inn i eventuell konsesjon og MTP-plan.

Det er definert til sammen 9 delområder/kulturmiljø, alle med stor verdi. Samlet konsekvens for fagtema kulturmiljø vurderes slik:

Delområde	Alt 0	Aura kraftverk II
KM 1 Litldalen		Alvorlig konsekvens (---) (nedre)
KM 2 Toppheis		Middels konsekvens (--)
KM 3 Eikelitippen		Middels konsekvens (--) (øvre)
KM 4 Aurabanen		Middels konsekvens (--) (øvre)
KM 5 Holbu		Middels konsekvens (--)
KM 6 Aura kraftverk		Ubetydelig endring (0)
KM 7 Setersetran		Ubetydelig endring (0)
KM 8 Dalen		Ubetydelig endring (0)
KM 9 Reinsvatnet		Ubetydelig endring (0)
Samlet belastning		Samlet vil tiltaket forringe sammenhengene i det historiske kraftlandskapet, samt føre til at viktige enkeltelementer går tapt.
Samlet vurdering for fagtema	-	Stor negativ konsekvens
Begrunnelse for samlet konsekvens		Kombinasjonen av ett kulturmiljø med alvorlig konsekvens og fire med middels konsekvens gir konsekvensgrad for samlet konsekvens et sted mellom stor negativ konsekvens og middels negativ konsekvens. Ved «uavgjort» skal mest negative konsekvensgrad gjelde, og som hovedregel skal ikke konsekvensgraden settes lavere enn den alvorligste konsekvensgraden. Samlet konsekvens for fagtema kulturmiljø er stor negativ konsekvens.

Gjeldande regionale og nasjonale føringar

Møre og Romsdal fylkeskommune har i gjeldande fylkesplan eit mål om «å ta vare på å eit mangfald viktige kulturmiljø og sjå kulturmiljø som resurs i verdiskaping, klimaomstilling og sirkulær økonomi» (M3). Dette inneber ei målsetting om å ta vare på mangfaldet og prioritere ombruk.

Området har kulturmiljø som har både lokal, regional og nasjonal interesse. Fleire av kulturmiljøa har formelt vern slik som Aura kraftstasjon som er forskriftsfreda. Store deler av området er registrert som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse i Møre og Romsdal, «Litldalen, Fangst- kraftlandskap». Det kan sjå ut som om dette er ei registrering som er følgt opp i kommuneplanens arealdel med omsynssone H550, det vil seie at området har eit formelt vern. Kommuneplankartet er grovmaska og vanskeleg å tolke.

Den nasjonale interessa for KULA-området er todelt: Jakt og fangst særleg knytt til villrein, og spora etter tidleg kraftutbygging i samband bygginga av det noverande Aura-anlegget.

Jakt og fangshistoria i landskapet

Jakt og fangst på villrein har vært viktig for menneske i Noreg heilt frå eldre steinalder og fram til i dag. Villreinjakta er framleis ein viktig tradisjon og del av enkeltområde sin identitet, slik

som områda i Sunndallsfjella og Aursjøen, kor ein jakter villrein frå Snøhetta - flokken. Det som spesielt, er denne konituniteten i villreinjakta som inneber at enkle overnattingsplassar som herbør og leger i fjellet kan vere i kontinuerleg bruk i over tusenvis av år. Villreinen bruker mange av dei same trekkrutene og derfor er mange av dei same jaktplassane framleis i bruk.

I 2006 var vasstanden ved Reinsvatnet særleg låg, då vart det gjort funn av steinalderbuplass med funn av pilspissar, knivar og ein mengde andre gjenstandar. Datering frå mellom 8900 til 8430 f. Kr gjer buplassen til ein av dei eldste i regionen og frå første fase med menneskeleg busetjing. Steinalderbuplassen ved Reinsvatnet er tolka som ein sesong buplass, der aktivitet er knytt opp mot jakt og fangst på villrein.

Villreinen i Snøhettaflokket er ein av de mest urørte villreinstamma vi har og sær viktig i biologisk samanheng, (Snøhettaflokket er ikkje tidlegare vorte innblanda med tamrein). Denne kontinuiteten både biologisk og i bruken av landskapet - gjennom villreinen sine faste trekkruoter og plassering av jakt- og fangstanlegg og overnattingsstader, gjer dette fjellområdet unikt. Og ein kan begynne å snakke om verdsarvskvalitetar knytt til landskap, naturbruk og biologi.

Det er derfor vesentleg at Statskraft sine planer om ny kraftstasjon Aura II, ikkje vesentleg endrar, forstyrrar eller forverrar villreinens levkår i området. Dette gjeld også under anleggsperioden. Det hjelper ikkje om situasjonen for villreinen vil bli noko betre etter planlagt anleggsperiode, om anleggsperioden gjer at villreinen endrar trekkmønsteret sitt og dermed sluttar å bruke område i løpet av utbygginga. Området ligger innanfor trekkruta til villrein og er brukt som kalvingsområde av villreinen. Planlagt anleggsarbeid må justerast slik at det minst mogleg grad påverkar villreinen.

Industrielle kulturminne

For kulturminna frå ny tid i kraftlandskapet, er det særleg viktig å ta vare på spora etter kraftutbygginga før 1940. Den største utfordringa knytt til dei nasjonale interessa for kraftlandskapet, er ikkje at det blir tilført nye anleggspor i samband med planlagde tiltak for nytt kraftverk, men at anleggsverksemda og dei nye tippene og tiltaka vil øydelegge, fjerne, slite ned og dekke til dei gamle anleggsspora. Dette gjeld særleg for tiltak langs Aurabanen og planlagt attbruk og utviding dei gamle tippene på Eikeli og Toppheis. Alternativ må derfor utarbeidast som kan sikre kvaliteten til landskapet og kulturmiljøa i influensområdet.

Viser til Fagrapport kulturmiljø, frå Sweco. Rapporten har kartlagt verknadar for planlagde tiltak for kulturminne og kulturmiljø i influensområdet. Mange kulturminne inngår i kulturmiljø som representerer ei kontinuerleg og viktig industriell historie frå kraftutbygging. Dette gjeld særskild miljøet rundt Aurabanen og Osbu kraftstasjon frå 1958.

Aura kraftverk frå 1953 er statleg listeført på NVE sin landsverneplan og listeført på Regional delplan for kulturminne i Møre og Romsdal. Samla sett utgjer heile influensområdet eit kulturmiljø for teknisk industriell historie frå tidleg 1900-tal til tidleg etterkrigstid. Industri har forma Sunndals-området som distrikt og dei industrielle kulturminna er derfor vektlagt i Sunndal kommune sin «plan for kulturminne og kulturmiljø for 2024 – 2028». Planen peiker på at eit utval tekniske kulturminne bør få eit ekstra vern i framtidige kommuneplanar. Dette gjeld til dømes Toppheis i Litldalen, kraftverk i Dalen som vart verna som følge av fredinga av Aura. Vi råder tiltakshavar om å ha kontakt med Sunndal kommune for desse områda for å unngå interesse- eller arealkonflikt, på grunn av kommande arealplan.

Aura kraftstasjon - kulturminne av nasjonal verdi

Vi viser til fredingsføresegnene for Aura kraftstasjon. Kraftverket representerer etterkrigstidas statlege vasskraftutbygging og industripolitikk, og er eit døme på eit av mange fjellanlegg frå etterkrigstida. Aura var det første statlege kraftanlegget med maskinsal lagt inne i fjell. Fagrapport kulturmiljø viser at tiltaka ikkje vil påverke anlegget fordi det kun skal leggest ned. Vi påpeiker at ei nedlegging raskare vil føre til forvitring, og råder til å ha ein plan for bruk. Vi stiller derfor spørsmål om kva funksjon kraftstasjonen skal ha etter nedlegging.

Vi stiller spørsmål om Statskraft har vurdert å rehabilitere og oppgradere Aura som alternativ for å unngå store naturinngrep i landskapsverneområda og øydelegging av kulturmiljø eller arealkonflikt. Vi stiller spørsmål til at ein i Fagrapport for kulturmiljø har sett verddivurderinga av Aura kraftverk til stor verdi, og ikkje svært stor verdi da deler av Aura kraftverk er freda.

Litldalen og den gamle Aurabanen

Kraftlandskapet i Litldalen har ein sjeldan kombinasjon av restar etter vasskraftutbygging i moderne tid, og nokre av dei aller tidlegaste spora etter menneskeleg verksemd vi finn i norsk høgfjell. Tidlegare industriell utbygging i Litldalen er ei av dei mest omfattande som har vore i landet, med ei tidslinje som strekk seg attende til det førre hundreåret. I kulturmiljøet inngår det bygningsrestar, steindeponi og den gamle Aurabanen, lokalt omtalt som jernbanetraseen.

Litldalen er ofte brukt som turområde og inngår delvis i Aursjøvegen, og har høg kulturmiljøverdi. Aurabanen må prioriterast for bevaring og inngrepa må ikkje utslette spora. Dette var den eldste jernbanen i Møre og Romsdal.

Tiltaket vil kome i konflikt med kulturmiljøet, ved at deler av jernbanetraseen og Aursjøvegen brukast til anleggstrafikk, samt at dei eldre

deponia på Eikeli og Toppheis utvidast med ny tunnelstein. Anleggsverksemda og dei nye spora, vil kunne øydelegge eller slite ned gamle anleggsspor frå den tidlege kraftutbygginga. På Toppheis vil planlagt tverrslag på oversida av jernbanen medføre anleggsarbeid og trafikk over jernbanetraseen og ned til deponiet nedanfor. Dette er eit direkte inngrep i ein viktig del av jernbaneanlegget.

Nord for Reinsvasselve er jernbanen no i dag lite endra. Aurabanen er eit viktig element i landskapet og tiltaka vil ha negative konsekvensar for dette kulturmiljøet. Statkraft har valgt ut denne traseen fordi andre alternativ vil medføre arealbruk som gir nye naturinngrep. Statkraft meiner at «kraftlandskapet vidareutviklas ved at det tilføres nye kulturminne som viser ei ny tid i utvikling av vasskraftressursene». Vi har merknader til dette og stiller krav til endring og avbøtande tiltak:

- *Aurabanen skal takast vare på i sin heilskap*
- *Det er viktig å få fram alternativ som kan kombinere dei eldre kulturminna som ikkje vil utslette dei. Kulturminna gir særpreg til fjellandskapet.*
- *Ved utviding og attbruk av dei gamle deponia, må dette tilpassast slik at bygningsrestar og restar etter anleggsspor på Eikeli ikkje blir berørt og at dei mest verdifulle delane av kulturmiljøet på Toppheis haldast utanfor tiltaksgrensa og skjermast mot direkte påverknad i anleggstida og i etterkant. Kulturmiljøet på Toppheis, bygningsrestar og spora på Eikeli må derfor sikrast.*
- *Nye deponi flyttast slik at dei ikkje leggst oppå eksisterande deponi, strukturer eller bygningsrestar.*
- *Tverrslaget på Toppheis må forsøkast plassert på nedsida av Aurabanen slik at ein unngår kryssing og anleggsverksemd over jernbanelinja. Ein føresetnad for anleggsarbeidet er at det ikkje fraktast maskinar langs jernbanetraseen på strekninga nord for Reinsvasselve og Toppheis.*
- *Det må sikrast spor etter jernsviller etc. og andre kulturminne. Aurabanen må dokumenterast, til dømes via 3D modell som kjelde til rekonstruksjon og formidling for publikum.*



Bilete viser eit strekk mellom Toppheis og Holbu på Aurabanen i 1929

Holbuvatnet massedeponi og tunell ved Aurabanen

Vi har merknader til Holbuvatnet deponi og tunell ved Aurabanen:

- *Deponiet må få ei plassering nokre meter lågare enn vegnivået, for å unngå å gripe inn kulturminnet.*
- *Det ein føresetnad at tunellen på Aurabanen og vegstrekninga ikkje blir fjerna, eller tetta att.*

Oppsummering og krav til konsesjon

Fylkeskommunen er samd i at den største utfordringa med planane for opprusting og utviding av Aura kraftverk, ikkje er at det blir tilført nye anleggsplanar, men at anleggsverksemda og dei nye tippene og spora vil øydelegge, slite ned og dekke til dei gamle anleggsspora.

Vår vurdering er at planlagde tiltak som berører Aurabanen og kulturminne i tilknytning til den vil vesentleg redusere opplevinga av landskapet, og visuelt skjemme og fjerne viktige kulturminneverdiar frå den tidlege kraftutbygginga.

Statkraft må i større grad enn skissert i høyringsdokumenta sørge for å ta vare på denne kulturarven, både gjennom justering av plassering og omfang av nye tipper, anleggsverksemda og avbøtande tiltak som dokumentasjon og sikring av kulturminne før anleggsoppstart.

Dersom det blir gitt konsesjon, ber Møre og Romsdal fylkeskommune om at det vert stilt vilkår med heimel i energilova § 3-5 annet ledd nr. 4 «for å unngå skadar på natur og kulturverdiar». Det må stillast krav om at ein miljø-, transport og anleggsplan vert utarbeidd i samarbeid med berørte parter, deriblant kulturmiljømynde.

Fylkeskommunen støtter opp om dei skadeforebyggjande tiltaka i Fagrapporten kulturmiljø kapittel 7. Mange av kulturminna inngår i KULA område som har nasjonal verdi. Vi ber derfor om at det i den vidare prosessen blir:

- *Vurdert alternativ og trasear for å unngå riving, eller vesentleg endring for kulturminne, landskap og kulturmiljø med høg verdi innafor KULA -område og kulturmiljø som vil inngå i kommunen sin planlagde KPA.*
- *Mellombels anleggsveger skal fjernast umiddelbart etter bruk og opphavleg terreng tilbakeførast og revegeterast. Alle vegar som etablerast skal leggjast skånsamt i terrenget, der ein unngår sprenging mtp. reparasjon og tilbakeføring.*
- *Det må gjerast ei avklaring av plassering av deponimassar for å sikre at dette ikkje påverkar kulturlandskapet negativt.*

- *Aurabanen som eit kulturmiljø skal framleis vere eit autentisk kulturminne og turområde etter tiltaka.*

Planen legg opp til at Osbu kraftstasjon rivast og Aura kraftverk som er freda skal leggst ned. Vi ber derfor at alternativ blir vurdert:

- *Rehabilitering og optimalisering av Osbu og Aura kraftverk må vurderast som alternativ, for å unngå store inngrep i landskap og kulturmiljøområda samla sett. Attbruk av Osbu kraftstasjon er tilrådd i Fagrapport kulturmiljø. Rehabilitering kan inngå som avbøtande tiltak for å unngå inngrep i kulturlandskapsområda. Vi frårår generelt riving av Osbu kraftstasjon då attbruk er eit konstruktivt og miljøvenleg alternativ. Dette må vurderast opp konsekvensar for villreinen.*
- *I tilfelle der kulturminne eller bygg (interiør og eksteriør) utan formelt vern skal rivast, skal dei dokumenterast av fagfolk før riving.*

Etter ei samla vurdering av fagrapporten er inngrepa i kulturmiljøet så inngripande, at det må vere vidare kontakt mellom fylkeskommunen og Statskraft, NVE og tiltakshavar om justering av tiltak. Dette gjeld også i høve til sjeldne arter og natur som inngår i det nasjonale kulturlandskapet, kor det kan vere ei potensiell interessekonflikt om korleis ein skal sikre landskapet og kulturminna på ein god måte.



Osbu kraftstasjon, foto: NVE

Friluftsliv

Området som blir berørt er kartlagt og verdsett som svært viktig friluftslivsområde i kommunale kartleggingar. Tiltaket vil kunne ha stor betydning for naturopplevingar, rekreasjon og fysisk aktivitet.

I det fastsette konsekvensutgreiingsprogrammet er det peikt på at friluftsliv skal utgreiast. Vi kan likevel ikkje sjå at konsekvensane for friluftsliv er tilstrekkeleg belyst i dei dokumenta som

ligg til grunn for høyringa. Utbygginga vil kunne påverke både tilgjenge, opplevingskvalitet og bruksmønster i eit område som har høg verdi for allmennheita.

Villrein

Noreg har ei klar internasjonal plikt til å ivareta villreinen og leveområda. Villreinen står i ei særstilling som ansvarsart i den norske forvaltninga. Likevel er villreinen nå nær trua av utrydding. Villreinen i Snøhetta er siste rest av den opphavelige villreinen - utan innblanding frå tamreingenar.

Det er godt dokumentert at villreinen i Snøhetta er svært negativt påverka av at leveområdet og stammen praktisk talt er delt i to som følge av statlege kraftutbyggingar. Kraftutbyggingane har vidare opna opp fjellområda for hyttebygging, trafikk og ferdsel heilt inn i hjartet av villreinområdet. Dammar, vegar, hytteområde og kraftlinjer danner effektive barrierar. Dette har resultert i trekkpassasjar som er svært sårbare for menneskeleg aktivitet, og som hindrar villreinens naturlege vandringer og bruk av viktige beite- og ressursområde gjennom året. Trekka mellom aust og vest har i stor grad stoppa opp.

Dei samla verknadane av alle utbyggingstiltak og aktivitet i området må vurderast med omsyn til villrein og høgfjellsøkosystemet. Her kan ein ikkje berre gjere vurderingar ut frå dagens tilstand (0-alternativet), i og med at tilstanden allereie er særst dårleg. Det må setjast inn omfattande tiltak for å bøte på dei samla negative miljøeffektane frå kraftutbygginga i heile influensområdet. Dette gjeld også tidlegare og planlagde kraftliner gjennom fjellområda.

Energi og grøn omstilling

Betydning for kraft- og nettsituasjonen

Det går føre seg ei omfattande omstilling av produksjon og bruk av energi i heile Europa, kjenneteikna av meir vêravhengige energikjelder, utfasing av fossil energibruk og ein sterk og stadig auke i elektrisk kraftforbruk. Denne omstillinga fører til utfordringar på fleire nivå.

Det vil vere behov for auka kraftproduksjon for å drive auka elektrifisering av mellom anna industri, transport og olje- og gasssektoren. Det blir opplevd tilstramming på tilgangen til ledig kapasitet i kraftnettet for å kople til auka og nytt kraftforbruk, med store regionale skilnader.

Det blir opplevd tilstramming på effektbalansen. Dette er eit uttrykk for kor mykje regulerbar kraftproduksjon som er tilgjengeleg for å kunne dekkje opp kraftforbruket til ei kvar tid. NVE vurderer at svekkinga av effektbalansen vil gje ei meir utfordrande systemdrift med auka reservekostnader. Statkraft forventar at desse utfordringane vil materialisere seg i form av stadige prisforskjellar både innanfor døgn, veker og mellom sesongar, sjølv med ein positiv kraftbalanse over året. I ein slik marknad vil evna til å regulere kraftproduksjonen og å flytte produksjon til periodar med mangel ha stor samfunnsnytte.

Dagens Aura kraftverk er ikkje eigna for store og raske endringar i kraftproduksjon og har ikkje kapasitet tilpassa etterspurt produksjonsmønster. Aura II kraftverk vil utnytte vassressursen meir effektivt og bidra til å dekkje det aukande behovet for fleksibilitet, med systemtenester og effekt i periodar med høg etterspurnad. Aura II kraftverk vil produsere vesentleg meir kraft i dei periodane på året kraftetterspurnaden er stor og vil vere eigna for både langtids- og korttidsregulering, som vil bidra til å avhjelpe drifta av kraftsystemet. Sunndalsøra er eit sentralt knutepunkt for nettet i Møre og Romsdal, sentralt for effektbalansen i spotmarknaden i regionen Midt-Noreg og sentralt for å halde spenning og frekvens i nettet.

Typisk køyring med Aura II kraftverk vil om vinteren vere fullastkøyring på dagtid og redusert produksjon på natt/helg, tilpassa etterspurnaden. Dagens kraftverk må driftast både natt og dag heile veka for å kunne tømme magasina gjennom vinteren. Holbu pumpe vil fyrst og fremst driftast etter tilsig, fordi magasinet i Holbuvatnet er lite. Det vil medføre mykje pumping i vårflaumen og utover hausten, primært for å unngå flaumtap. Holbu pumpe får ein installert effekt på 2,4 MW og skal ikkje nyttast til regulering.

Midlare årsproduksjon for Aura II kraftverk er berekna til 2119 GWh, fråtrekt berekna pumpeproduksjon i Holbu pumpe. Det er i sum 137 GWh høgare enn årsproduksjonen i dagens kraftverk. Brukstida blir redusert frå 6600 timar til 2600 timar. Vinterproduksjonen (1. oktober–30. april) aukar med 142 GWh frå 1151 til 1293 GWh/år. Sommarproduksjonen går ned med 5 GWh frå 832 til 827 GWh/år. Produksjonsgevinsten kjem mellom anna av høgare fall, betre verknadsgrad på turbinar og redusert flaumtap.

Energiproduksjonen i toppplastperioden blir auka med om lag 180 %, med ei effektauke på drygt 500 MW frå 290 MW til 804 MW. I låglastperioden blir produksjonen redusert ned mot null. Ved hjelp av store magasin og stor effektauke blir opptil 1 TWh/år flytta frå periodar med låg etterspurnad til periodar med høg etterspurnad.

Møre og Romsdal har ein stor negativ kraftbalanse, prega av høg aktivitet innan kraftintensiv industri, særleg Hydro Aluminium Sunndal (6 TWh/år, 700 MW). Den store delen industri krev òg tilstrekkeleg forsyningstryggleik i form av føreseieleg kraftproduksjon. Eit nytt Aura kraftverk vil kunne bidra med ny kraftproduksjon og ei vesentleg auke av den regulerbare installerte produksjonseffekten, tilsvarande om lag 27 % av kraftproduksjonen og 43 % av tilgjengeleg vintereffekt i Møre og Romsdal. 0-alternativet, som er å rehabilitere eksisterande Aura kraftverk og Osbu kraftverk, inneber omfattande reinvesteringar som vil føre til nedetid og redusert produksjon i mange år.

Aura kraftverk ligg i eit knutepunkt i nettet, med direkte kraftleidningar i transmisjonsnettet mot Innlandet, Trøndelag og Møre og Romsdal. Kraftverket er i dag direkte tilknytt transmisjonsnettet ved Aura transformatorstasjon på Sjølseng. Det er planlagt å knyte den nye kraftstasjonen direkte til Statnetts planlagde Hårstad transformatorstasjon på Krokvollen.

Statnett har stadfesta reservasjon på nettkapasitet for tilknytning, men har førebels ikkje søkt om konsesjon for planlagde Hårstad transformatorstasjon. Dersom transformatorstasjonen ikkje er i drift i tide, må det eventuelt byggjast ny 132 kV kraftleidning eller kabel til dagens koplingsanlegg på Sjølseng. Fylkeskommunen oppmodar til tett dialog mellom Statkraft og Statnett.

Statnetts områdeplan Midt skildrar ei trinnvis utvikling av transmisjonsnettet fram mot 2045, sjå <https://www.statnett.no/om-statnett/nyheter-og-pressemedlinger/nyhetsarkiv-2025/omradeplan-midt-vil-prioritere-a-oke-nettkapasiteten-inn-til-midt-norge/>. På grunn av venta auke i effekt- og energiunderskotet, prioriterer Statnett gjennom ulike tiltak å auke nettkapasiteten inn til området. Statnett skal òg oppgradere og byggje om i 420 kV-nettet internt i regionen.

Dagens maksimale effektforbruk i område Midt er på 3700 MW, medan installert produksjon (vintereffekt) er på 2900 MW. Dette gjev eit effektgap på 800 MW allereie i dag. Summen av reservert effektforbruk, prosjekt i kø og andre aktive saker er på 2136 MW. Samstundes er det berre reservert 775 MW i framtidig auka produksjonskapasitet (inkl. ny Aura kraftstasjon på om lag 500 MW). Framtidig gap vil derfor auke med 1361 MW til 2161 MW. Aura II kraftverk kan dekkje om lag 23 % av dette effektgapet.



Figur: Sunndalsøra er knutepunkt for leidningar frå sør-aust og frå sør-vest, og vidare nordover. (Kjelde: NVE Atlas).

Samfunnsøkonomiske konsekvensar

Anleggsperioden

Tiltaket vil bli gjennomført i ein arbeidsperiode på om lag 4 år (2029–2032).

Utbyggingskostnaden er berekna til 6 mrd. kr, fordelt på bygg og anlegg (3,3 mrd. kr), maskin og generatorar (1,6 mrd. kr), annan elektro (0,5 mrd. kr) og administrasjon/anna (0,6 mrd. kr). Til samanlikning vil nullalternativet koste 4 mrd. kr fram til 2050.

Det er venta at det i anleggsperioden blir skapt betydelege positive ringverknader for lokalt og regionalt næringsliv, i form av kjøp av varer og tenester. Erfaringsdata frå liknande utbyggingar viser at i storleiksorden 25–50 % av investeringskostnaden kan gå til lokale og regionale oppdrag, og at det skapar 0,25–0,5 årsverk per million investering.

I følge Statkraft kan utbygginga av Aura II kraftverk lokalt og regionalt skape verdier i storleiksorden 1000–2000 årsverk i anleggsperioden.

Driftsfasen

Vertskommunar og -fylke får inntekter frå eigedomsskatt, naturressursskatt og konsesjonsavgift, samt konsesjonskraft direkte frå Statkraft. I driftsperioden vil Aura II kraftverk vidareføre betydelege inntekter.

Alternativ rehabilitering av Aura kraftverk og Osbu kraftverk vil medføre lengre nedetider med tilhøyrande reduksjon i kraftproduksjonen, og dermed reduksjon i inntekter.

Sunnal kommune har store inntekter frå kraftsektoren, der inntekter frå konsesjonskraft åleine bidrog med over 30 mill. kr i 2023. Molde, Lesja og Sunndal kommune har samla over 100 mill. kr i årlege inntekter frå reguleringa av vassdraget.

Eigedomsskatt: Endring i brutto kraftproduksjon avgjer endringa i eigedomsskatt. Med eigedomsskattesats på 0,7 % blir samla auke i eigedomsskatten i storleiksorden 2–3 mill. kr/år. Auka eigedomsskatt blir fasa inn over dei første 7 driftsåra sidan auka produksjon gradvis aukar 7 års gjennomsnittleg produksjon.

Naturressursskatt: Grunnlaget for naturressursskatt er gjennomsnittleg netto kraftproduksjon (produksjon etter fråtrekk for pumpeforbruk) dei siste 7 åra. Aura II vil gje auka naturressursskatt på i storleiksorden 1–2 mill. kr/år for kommunane og 0,3 mill. kr/år for fylka. Sidan naturressursskatten inngår i grunnlaget for symmetrisk inntektsutjamning, vil kommunane behalde mellom 36–100 % av auka naturressursskatt. Auka naturressursskatt blir fasa inn over dei første 7 driftsåra.

Konsesjonskraft: Mengda konsesjonskraft som blir avstått, blir bestemt av kraftgrunnlaget. Sidan omsøkt alternativ gjev små nye inngrep der det verken blir etablert nye magasin eller nye bekkeinntak/overføringar, vil Aura II kraftverk berre gje ein svak auke i kraftgrunnlaget. Sweco har berekna kraftgrunnlag for Aurareguleringa til 330 971 naturhesterkrefter. Dette er ein auke på om lag 6 000 naturhesterkrefter samanlikna med dagens anlegg. Etter NVE sin metode for å berekne konsesjonskraft svarar dette til ein auke på 3–3,5 GWh.

Kommunane kan ta ut konsesjonskraft inntil alminneleg forbruk i kommunen, der det som er overskytande går til respektive fylkeskommune. Per 2024 tek alle kommunane ut sine fulle rettar. Basert på dette kan det leggjast til grunn at kommunane òg kan ta ut nytt volum som følgje av Aura II kraftverk. Konsesjonskrafta skal avståast til rimeleg pris. Det er styresmaktene som bestemmer kva kommunane må betale for konsesjonskrafta.

Konsesjonsavgifter: Mengda konsesjonsavgifter blir bestemt av det same kraftgrunnlaget som for konsesjonskraft. Satsen på konsesjonsavgifta blir bestemt av styresmaktene. I nyare konsesjonar er satsen på konsesjonsavgifta normalt sett til 24 kr per naturhesterkrefter til kommunar. Basert på dette nivået vil Aura II kraftverk kunne auke inntekta frå konsesjonsavgifter med om lag 150 000 kr/år.

Det er NVE som endeleg fastset og vedtek kraftgrunnlaget, og fordeler konsesjonskraft og konsesjonsavgift.

Oppsummering samfunnsøkonomi:

Samfunnsøkonomisk sett kjem den største verdiskapinga i anleggsfasen gjennom lokale kjøp av leveransar og tenester. Planane for Aura II kraftverk vil i hovudsak føre til auke i effekt, med ei avgrensa auke i kraftproduksjonen. Inntekter i driftsfasen er primært avhengig av kraftproduksjonen og kraftgrunnlaget. Begge endrar seg i liten grad, og tiltaket medfører dermed berre ei avgrensa auke i inntekter for kommunane og fylkeskommunane.

Strategi og mål

Planane for Aura II kraftverk er i tråd med gjeldande fylkesplanmål og fylkesstrategien for satsingsområdet energi. Fylkesstrategien for miljø, klima og energi slår fast at Møre og Romsdal skal ha ein velfungerande infrastruktur for distribusjon av elektrisitet og produsere meir fornybar energi. Planane bidreg til å nå følgjande fylkesplanmål med tilhøyrande resultatmål for energi:

Fylkesplanmål

V1: Møre og Romsdal skal ha eit arbeids- og næringsliv med auka innovasjonstakt, som lukkast med det grønne skiftet, utnyttar lokale fortrinn og dei teknologiske moglegheitene.

V2: Møre og Romsdal skal ha nødvendig tilgang på kraft og nettinfrastruktur, energieffektivisere og basere auka produksjon på fornybare energikjelder og produksjonsanlegg for kjernekraft.

V5: Møre og Romsdal skal ha ei berekraftig økonomisk utvikling av samfunnet.

Resultatmål til V2

- I Møre og Romsdal skal vi ha ein velfungerande infrastruktur for distribusjon av elektrisitet og andre energiberarar.
- I Møre og Romsdal skal vi energieffektivisere og produsere meir fornybar energi

Konklusjon

Vi viser til innspelane våre og ber om at desse vert tekne omsyn til i det vidare arbeidet. Vi vil gjerne delta i vidare dialogar. Ta i så fall kontakt med fagsaksbehandlar.

Dersom det blir gitt konsesjon, ber Møre og Romsdal fylkeskommune om at det vert stilt vilkår med heimel i energilova § 3-5 annet ledd nr. 4 «for å unngå skader på natur og kulturverdiar». Det må stillast krav om at ein miljø-, transport og anleggsplan utarbeidast i samarbeid med berørte parter, deriblant kulturmiljømynde.

Med helsing

Toril Hovdenak
fylkeskommunedirektør

Gunn Randi Seime
assisterande
fylkeskommunedirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:

Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal
Sunndal kommune

Mottakere:

Norges Vassdrag- og
energidirektorat

Fagsaksbehandlar:

Kulturminne: Guro Dehli Sanden, Anna Eline Eneberg og Hilde Tokle Yri

Vassforvaltning: Håkon Slutaas

Energi og grøn omstilling: Per Oterholm

Friluftsliv: Petter Jensen

Samferdsel: Mona Skram Rustad